

# Kunderetta betalingsformidling

## Om publikasjonen

Noregs Bank ønskjer å medverke til god offentleg debatt om betalingsmiddel og utviklinga i bruken av dei. I denne publikasjonen vert det mellom anna offentleggjort årleg statistikk om bruken av elektroniske betalingsmiddel ved varekjøp og på andre måtar, og om uttak av kontantar frå butikkar og minibankar. Årlege spørjeundersøkingar vert nytta for å hente inn informasjon om mellom anna bruken av kontantar i hushalda.

I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar (sentralbank-pengar) og bankinnskott (bankkontopengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og kontobetaling er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.

Det meste av statistikken som vert nytta i dette notatet, er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på vegner av Noregs Bank. Spørjeundersøkingane er utførte av eit eksternt føretak på oppdrag frå Noregs Bank. Utførlege tal er viste i tabellvedlegget bakerst i notatet.

# Kunderetta betalingsformidling 2024 – hovudpunkt

---

Måtane vi betaler på, har endra seg mykje dei seinaste åra. Ein aukande del av betalingane vert gjorde med mobiltelefonen, både ved handel på fysiske utsalsstader og ved handel på internett.

---

Dei fleste betalingane vert gjorde på fysiske utsalsstader. Utsalsstader inkluderer mellom anna butikkar, restaurantar og transportmiddel. Fysiske betalingskort vert nytta i dei aller fleste av desse betalingane, men talet på kortbetalingar gjennom mobiltelefon aukar raskt. Den seinaste spørjeundersøkinga vår viste at 30 prosent av betalingane på fysiske utsalsstader vart gjorde med ulike løysingar for mobilbetaling.

---

Omfanget av netthandel har auka mykje gjennom mange år. Det meste av netthandelen vert gjort opp med eit betalingskort, anten direkte med eit fysisk kort eller gjennom ulike løysingar for mobilbetaling. Éin av tre netthandlar vert no gjort opp med mobilbetaling, og denne delen er aukande. Éin av fire netthandlar vert gjort opp med faktura.

---

Dei ulike kortsystema har ulike bruksområde. BankAxept kan ikkje nyttast ved netthandel og fram til våren 2024 kunne systemet heller ikkje nyttast ved mobilbetaling. Den sterke veksten i netthandel og mobilbetaling har ført til at BankAxept-betalingar utgjør ein stadig mindre del av kortbetalingane. I 2024 utgjorde BankAxept-betalingane 49 prosent av kortbetalingane. BankAxept er no til stades i ei rad ulike mobilløysingar, og det kjem truleg til å påverke utviklinga framover.

---

Noreg er eit av dei landa i verda der innbyggjarane bruker betalingskorta sine flest gonger per år. I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar i Noreg betalingskorta sine 572 gonger i 2024. I Tyskland og fleire av middelhavslanda er kortbruken mykje lågare enn dette, men bruken aukar raskt.

---

Bruken av kontantar har falle gjennom lang tid, men har halde seg stabil dei aller seinaste åra. Den seinaste undersøkinga vår syner at 2 prosent av dei spurde nytta kontantar sist dei betalte for noko på ein fysisk utsalsstad.

---

Uttaka av kontantar held fram med å falle. Samstundes skjer ein aukande del av dei samla uttaka gjennom butikkar. Talet på minibankar går ned, og færre av dei er eigde av bankane. I 2024 var det til saman 1129 minibankar i Noreg, mot 1168 året før.

# Innhald

<b>Om publikasjonen</b>	<b>2</b>
<b>Kunderetta betalingsformidling 2024 – hovudpunkt</b>	<b>3</b>
1. Bruk av betalingsinstrument	5
2. Korttransaksjonar	8
3. Bruken av kontanttenester	16
4. Kontantar i omløp	18
5. Prisar i betalingsformidlinga	22
6. Bankane sine inntekter frå betalingsformidling	24
<b>Tabellar</b>	<b>25</b>
Generelle data	26
Betalingsmiddel i Noreg	26
Betalingsinfrastruktur	27
Kunderetta betalingstenester	28
Prisar	36
Kjelder og kommentarar til tabellane	41




# 1. Bruk av betalingsinstrument

I 2024 vart det gjennomført til saman 4157 millionar kort- og kontobetalingar<sup>1</sup>. Det var mange fleire kortbetalingar enn kontobetalingar, sjå figur 1.

**Figur 1 Bruk av betalingsinstrument.**

Millionar betalningar. 2001–2024




Kjelde: Noregs Bank

Kontobetalingar er direkte overføringar mellom bankkontoar. Dei kan vere sette i gang av betalaren eller av betalingsmottakaren. Overføringar som er sette i gang av betalaren, kallar vi kreditoverføringar. Ei vanleg betaling i nettbank er ei kreditoverføring. Avtalegiro er ei teneste for automatisk betaling av faste rekningar og vert sett i gang av betalingsmottakaren.

Sjølv om det var mange færre kontobetalingar enn betalingar med kort, var verdien av desse betalingane mykje høgare enn verdien av kortbetalingane, sjå figur 2. Ei gjennomsnittleg kontobetaling er altså mykje større enn ei typisk kortbetaling, og særskilt store er kontobetalingar frå føretak.

**Figur 2 Bruk av betalingsinstrument**

Milliardar kroner. 2001–2024



Kjelde: Noregs Bank

<sup>1</sup> Ei kontobetaling er ei betaling direkte frå ein konto til ein annan, utan at ein går gjennom eit kortsystem. Tidlegare har vi nytta omgrepet «girobetalingar» om slike betalingar. Dei vert òg kalla «konto-til-kontobetalingar».


Kontobetalingar vert nytta både til å betale store rekningar og til utbetalingar av lønn, men i stadig større monn også til mindre betalingar, til dømes straksbetalingar mellom privatpersonar gjennom mobiløysinga Vipps. Betalingskort vert i første rekkje nytta til kjøp av varer og tenester på fysiske utsalsstader og på nettstader.

### Kontobetalingar i meir detalj

Figur 3 syner utviklinga i nokre av dei mest brukte kontobetalingstenestene.

**Figur 3 Ulike kontobetalingar**

Millionar betalingar. 2001–2024



Kjelde: Noregs Bank

Det skjer om lag like mange nettbankbetalingar frå personkunder som frå føretakskunder. Ei gjennomsnittleg betaling i nettbanken (og mobilbanken) frå personkunder er på rett over 6000 kroner, medan tilsvarende for føretakskunder er på like under 67 000 kroner.

Bruken av straksbetalingar auka raskt i mange år, men sidan 2022 har bruken endra seg lite, eller til og med falle litt. Straksbetalingar er betalingar mellom bankkontoar gjennom ein eigen betalingsinfrastruktur, NICS Real. Mottakaren kan disponere midlane nokre få sekund etter at betalaren har initiert betalinga.<sup>2</sup>

Det vart gjort 205 millionar straksbetalingar i 2024. Den største delen av straksbetalingane vert sette i gang frå mobilbetalingsløysinga Vipps og gjeld overføringar mellom privatpersonar. Straksbetalingar kan òg setjast i gang frå nettbank- eller mobilbanken.

Avtalegiro er ei teneste for automatisk betaling av faste rekningar. Betalingsoppdraga vert sette i gang av betalingsmottakaren. Autogiro er

<sup>2</sup> Realtidsbetalingar er eit noko vidare omgrep enn straksbetalingar, og inkluderer alle betalingar som vert gjorde opp i augneblinken. Eit anna døme på realtidsbetalingar er betalingar mellom kontoar i den same banken.

namnet på tilsvarende teneste for bedriftsmarknaden. Det vart betalt 112 millionar avtalegiroar og 4 millionar autogiroar i 2024.<sup>3</sup>

Ved mange kreditoverføringar i nettbank og mobilbank er betalaren og mottakaren kundar i den same banken. I slike tilfelle vert ofte overføringane gjorde opp i lokale løysingar heller enn i sentrale løysingar, som NICS<sup>4</sup>. Også nokre av overføringane i Vipps mellom personar som er kundar i same banken, vert gjorde opp lokalt. I tillegg kjem lokale løysingar for til dømes faste oppdrag og nedbetaling av lån inn under denne posten, kalla «andre elektroniske kreditoverføringar». I 2024 vart det rapportert 111 millionar slike betalningar, medan talet for 2023 var 75 millionar. Tala for denne posten er noko usikre.


Meir manuelle kontobetalingsstenester, som telegiro og brevgiro, er no lite brukte løysingar for dei aller fleste. I 2024 vart telegiro nytta 3,6 millionar gonger og brevgiro 1,2 millionar gonger. 0,7 millionar betalningar vart dessutan gjorde på ekspedisjonsstader i 2024, anten ved belastning av ein konto eller ved kontant innbetaling.<sup>5</sup>

### Bruken av elektroniske fakturaer

Rekningar kan verte sende ut på ulike måtar: på papir, som vedlegg til e-post eller som elektroniske fakturaer. Figur 4 syner utviklinga i utsendingar av ulike elektroniske fakturaer.

**Figur 4 Utsending av elektroniske fakturaer**

I millionar. 2013–2024



Kjelde: Noregs Bank

I 2024 vart det sendt ut 228 millionar eFaktura-er frå føretak til personkundar. Veksten flata ut etter å ha vore sterk i fleire år. Frå 2023 til 2024 var veksten på 2 prosent. Den sterke veksten i åra før kom mellom anna av at det frå mars 2019 vart opna for distribusjon av eFaktura gjennom Vipps.

<sup>3</sup> Tala for betalningar med avtalegiro har ikkje endra seg i særleg grad dei seinaste åra, men talet på avtalegiroar som er sende ut til kundar, er mykje høgare enn dette. Årsaka til at det er skilnad på talet på utsende og talet på betalte avtalegiroar, er at ein avtalegiro går over til å vere ei nettbankbetaling dersom kunden endrar på avtalegiroen, til dømes ved å endre beløpet, forfallsdatoen eller kontoen som beløpet skal trekkjast frå. I 2024 vart det sendt ut 149,6 millionar avtalegiroar. Tilsvarende tal for 2023 var 148,3 millionar.

<sup>4</sup> NICS står for Norwegian Interbank Clearing System.

<sup>5</sup> Betalningar med kontant innbetaling er ikkje eigentleg kontobetalingar slik vi har definert dette betalingsinstrumentet.

Det vart sendt ut 124 millionar EHF-fakturaer i 2024. EHF er staten sitt format for elektronisk fakturering og dekkjer både fakturaer mellom føretak og offentleg sektor og fakturaer mellom føretak. Veksten frå 2023 til 2024 for utsending av EHF-fakturaer var på 8 prosent.

## 2. Korttransaksjonar

I 2024 vart det gjort 3156 millionar betalingar med norske betalingskort. I tillegg vart det gjort 21 millionar reine kontantuttak.

Av dei samla kortbetalingane vart 2254 millionar, eller 71 prosent, utførte mot fysiske betalingsterminalar (EFTPOS-terminalar)<sup>6</sup>. Resten av kortbetalingane er i hovudsak vanlege internettbetalingar. Kortbetalingar som skjer på fysiske brukarstader, men som ikkje vert gjorde mot fysiske betalingsterminalar, vert registrerte i statistikken saman med dei vanlege internettbetalingane. Eit døme er kortbetalingar som vert gjorde gjennom appane Coopay og Trumf Pay for betaling av daglegvarer.

Dei aller fleste av betalingane mot fysiske betalingsterminalar vert gjorde kontaktlaust. Berre åtte prosent av kortbetalingane i 2024 vart gjorde ved å setje betalingskortet inn i kortterminalen. Kontaktlause betalingar mot betalingsterminal kan anten verte gjorde med eit fysisk kort, eller dei kan verte gjorde på ein annan måte, til dømes med mobilen eller med ei klokke eller eit armband.<sup>7</sup> Den gjennomsnittlege verdien ved kontaktlause betalingar var 356 kroner.

Betalingar med fysiske kort utgjer dei aller fleste av betalingane mot fysiske betalingsterminalar. Betalingar med mobil, klokke eller armband utgjorde 12 prosent av betalingane mot betalingsterminalar i 2024, opp frå 8 prosent i 2023. Det vart gjort 279 millionar slike betalingar i 2024. Sjå ramma [«Betaling med mobiltelefon i butikk»](#) for meir informasjon om korleis slike betalingar går føre seg.

I samband med pandemien vart det ei stund vanlegare å gjere større innkjøp sjeldnare, i staden for mange små innkjøp. Det gjorde sitt til at det var færre korttransaksjonar i 2020 og 2021 enn i 2019. No stig talet på korttransaksjonar per innbyggjar som tidlegare, sjå figur 5. I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar betalingskort (til betalingar og kontantuttak) 572 gonger i 2024, mot 550 gonger i 2023. Den gjennomsnittlege verdien på korttransaksjonane steig frå 398 kroner i 2023 til 406 kroner i 2024. At verdien på korttransaksjonane stig, kan henge saman med at kontantbruken har stabilisert seg. Nedgangen i verdien på korttransaksjonane tidlegare hang truleg til dels saman med at korttransaksjonar tok over for kontanttransaksjonar, som jamt over har lågare verdi enn transaksjonar

6 EFTPOS (Electronic Funds Transfer at Point Of Sale) er eit system for betaling med kort i terminalar på fysiske brukarstader.

7 Kontaktlaus betaling med eit fysisk kort skjer ved at kortet vert halde nær terminalen ein augneblink. PIN-kode vert kravd dersom beløpet er høgare enn 500 kroner, eller dersom det samla beløpet eller talet på transaksjonar kjem over ei sett grense. Betalinga vert rekna som kontaktlaus sjølv om ein må nytte PIN-kode.

Betalingar med mobilen kan til dømes vere betalingar gjorde med Apple Pay eller Google Pay. Betalingar med klokke kan til dømes vere betalingar med Fitbit Pay eller Garmin Pay.

## Betaling med mobiltelefon i butikk

Det finst i hovudsak to ulike typar løysingar – *terminalbaserte* og *nettbaserte* – når ein betaler med mobiltelefon i butikk. Begge typane av løysingar nyttar i dag i hovudsak betalingskort som underliggjande betalingsinstrument. Dei mest vanlege terminalbaserte løysingane er Apple Pay, Google Pay og Vipps NFC, medan Coopay og Trumf Pay er døme på nettbaserte løysingar. Sjå [rapporten](#) frå i fjor for detaljar om korleis ulike mobilbetalingar går føre seg.

Bruken av betaling med mobiltelefon i butikk aukar raskt. Betalingar med terminalbaserte løysingar (inkludert betalingar med klokke, armband og liknande) utgjorde 12 prosent av betalingane mot fysiske betalingsterminalar i 2024. Vi har ikkje tilsvarende tal for betalingar med nettbaserte løysingar. I statistikken er desse tala del av netthandelen. Tal frå Noregs Bank sine årlege spørjeundersøkingar indikerer at nettbaserte og terminalbaserte mobilbetalingar til saman stod for 30 prosent av betalingane på fysiske utsalsstader i mars 2025.

Det siste året har det skjedd mykje på området. I august 2024 vart Trumf Pay lansert. Trumf Pay er ei nettbasert løysing for betaling i butikkar som er med i Norgesgruppen. 9. desember 2024 lanserte Vipps si eiga løysing for terminalbasert mobilbetaling, Vipps NFC. Dagen etter opna DNB og Eika-bankane opp for at kundane deira kunne betale med Apple Pay. Dei aller fleste norske bankkundar har med desse to siste lanseringane tilgang til terminalbasert mobilbetaling.


Frå mai 2024 vart BankAxept tilgjengeleg for mobilbetaling i Apple Pay i nokre bankar. Før dette har det i all hovudsak vore internasjonale kort som har vorte nytta ved mobilbetaling. Frå desember 2024 vart det mogleg å bruke BankAxept i Vipps NFC og i Apple Pay for kundar i DNB og Eika-bankane. BankAxept eBetaling<sup>1</sup> er eitt av to moglege underliggjande betalingsinstrument i dagligvareappen Trumf Pay. I Trumf Pay er det òg mogleg å nytte kontobetaling for kundar i somme bankar. Frå februar 2025 vart BankAxept eBetaling tilgjengeleg i Coopay. Coopay hadde tidlegare berre nytta internasjonale kort.

1 Betaling med digitale BankAxept-kort i nettbaserte mobilbetalingar

med kort. Til dels heng auken i verdien på korttransaksjonane òg saman med den årlege prisstiginga.

**Figur 5 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner**

2001–2024



Kjelder: Noregs Bank

## Talet på betalingskort

Ved utgangen av 2024 fanst det totalt 12,6 millionar norske betalingskort, sjå oversikt 1.

### Oversikt 1 Talet på norske betalingskort.<sup>8</sup> I tusen

Type kort	2021	2022	2023	2024
Kombinerde BankAxept/internasjonale debetkort	7295	7374	7635	7732
Internasjonale kredittkort	5043	4861	4666	4605
Andre debet- og kredittkort	85	85	80	76
Internasjonale faktureringskort	367	364	199	201
E-pengekort	74	96	35	33
<b>Totalt</b>	<b>12 864</b>	<b>12 780</b>	<b>12 616</b>	<b>12 647</b>

Kjelde: Noregs Bank

Den mest vanlege korttypen er dei korta som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt debetkort.<sup>9</sup> Vel 60 prosent av dei utferda korta er av denne typen. Ved bruk av eit kombinert kort i utlandet eller i samband med vanleg netthandel vert det internasjonale kortsystemet i kortet nytta. Ved betaling i fysiske kortterminalar i Noreg kan både BankAxept-systemet og det internasjonale kortsystemet nyttast. Val av betalingsnettverk kan ein stille inn på førehand i terminalen, og betalingsmottakaren vil normalt velje at betalingane skal gå gjennom det rimelegaste betalingsnettverket. Korthaldaren skal i terminalen ha høve til å overstyre valet til betalingsmottakaren.

Den nest mest vanlege korttypen er dei internasjonale kredittkorta. Dei utgjør 36 prosent av korta.

### Korttransaksjonar etter utferdar

Talet på transaksjonar med debetkortsystemet BankAxept gjekk vidare ned, frå 1612 millionar i 2023 til 1542 millionar i 2024, sjå figur 6.

Transaksjonar med BankAxept stod for 49 prosent av transaksjonane med norske kort i 2024. I 2023 utgjorde desse transaksjonane 53 prosent av korttransaksjonane. Dersom vi berre ser på transaksjonar gjorde i Noreg, var marknadsdelen for BankAxept i 2024 57 prosent, ned frå 63 prosent i 2023.

8 *Debetkort*: Betalingskort som gjer det mogleg for eigaren av kortet å disponere innskot og kreditt på bankkontoen som kortet er knytt til. Kontoen til brukaren vert belasta kvar gong kortet vert brukt.


*Kredittkort*: Betalingskort med kreditt som ein kan avtala å nedbetale uavhengig av kva tid kortet vert brukt.

*Faktureringskort*: Brukaren av kortet tek med visse tidsintervall imot ein samlefaktura som vert betalt under eitt.

9 Omgrepet *internasjonale kort* vert nytta om norske betalingskort som er utferda av, eller på lisens frå, internasjonale kortselskap. Det omfattar mellom andre Visa, Mastercard og American Express.

**Figur 6 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon**

Millionar transaksjonar. 2001–2024



Kjelde: Noregs Bank

Det vart gjennomført 1632 millionar transaksjonar med kort utferda av internasjonale kortselskap. Auken i talet på transaksjonar med internasjonale kort var på 16 prosent siste året. Transaksjonar med internasjonale kort stod i 2024 for 51 prosent av transaksjonane med kort utferda i Noreg.

BankAxept-kort har i første rekkje vorte nytta til betalingar på fysiske brukarstader i Noreg. Internasjonale kort vert nytta til slike betalingar, men har òg vore dei einaste korta som har vore nytta til betalingar for handel på nett, til betalingar gjennom ulike appar og til betalingar i utlandet. Frå og med 2024 kan BankAxept-kort òg nyttast i ulike appar, sjå boks [«Betaling med mobiltelefon i butikk»](#).


Marknadsdelen til dei internasjonale korta har auka mykje dei siste ti åra. Auken heng saman med sterk vekst i netthandelen i denne perioden. Særskilt mykje har marknadsdelen auka dei aller siste åra. Dette heng saman med ein sterk auke i bruken av ulike appar for kjøp av varer og tenester. Her vart fram til i fjor berre internasjonale kort nytta som betalingsinstrument. Marknadsdelen for dei internasjonale korta har auka frå 34 prosent i 2020 til 47 prosent i 2023 og 51 prosent i 2024.

Den samla verdien av transaksjonane med norske kort var 1289 milliardar kroner, sjå figur 7. Verdien av BankAxept-transaksjonane summerte seg til 561 milliardar kroner i 2024, ein nedgang på 3 prosent frå året før. BankAxept-transaksjonane stod i 2024 for 44 prosent av den samla verdien av korttransaksjonane, ned frå 48 prosent året før. Verdien av transaksjonane med internasjonale kort var 727 milliardar kroner i 2024. Verdien auka med 17 prosent siste året.

Den gjennomsnittlege storleiken på transaksjonane var 364 kroner med BankAxept-kort, 372 kroner med internasjonale debetkort og 629 kroner med internasjonale kredittkort.

**Figur 7 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon**

Milliardar kroner. 2001–2024



Kjelde: Noregs Bank


**Kortbetalingar over internett (netthandel)**

Figur 8 syner at den sterke veksten i kortbetalingar i samband med handel over internett held fram. I 2024 vart det gjort til saman 843 millionar internettbetalingar med norske kort. Talet gjeld både betalingar knytte til tradisjonell netthandel og betalingar med ulike nettbaserte mobilappar på fysiske utsalsstader. Veksten frå 2023 til 2024 var på 16 prosent. Veksten var om lag like sterk for handel frå norske nettstader som frå utanlandske nettstader. Betalingar til norske nettstader utgjorde 64 prosent av dei samla kortbetalingane ved netthandel.

Den samla verdien av betalingane over internett var 381 milliardar kroner i 2024. Verdien av betalingane voks med 18 prosent frå 2023 til 2024. Den gjennomsnittlege verdien på betalingane over internett auka frå 444 kroner i 2023 til 453 kroner i 2024.

**Figur 8 Betalingar over internett med norske betalingskort**

2007–2024




Kjelde: Noregs Bank

I samband med den årlege undersøkinga til Noregs Bank om bruk av kontantar og andre betalingsmåtar spurde vi også deltakarane om korleis

dei betalte for den siste netthandelen sin. Figur 9 syner at 36 prosent av kjøpa vart betalte direkte med betalingskort. Denne prosentdelen har felle dei siste åra. 35 prosent av kjøpa vart betalte med ei mobilbetalingsløyning. Stadig fleire seier at dei nytta mobilbetaling ved handel på nett. 26 prosent av nettkjøpa vart betalte med faktura. Men jamvel der den primære betalingsmåten er faktura, mobilbetaling eller ein annan måte, ligg det også her ofte ei kortbetaling til grunn. Betalingskort er som regel betalingskjelda ved betalingar med mobilen på nettstader. Og betalingskort vert ofte nytta til å gjere opp fakturaen frå netthandelen.

### Figur 9 Betalingsmåtar ved netthandel

Resultat frå spørjeundersøkingar, 2021–2025




Kjelde: Noregs Bank

Betalingar over internett utgjer ein stadig større del av dei totale betalingane gjorde med norske betalingskort. Figur 10 syner at betalingane over internett i 2024 utgjorde 27 prosent av alle betalingar med norske kort. Målt i verdi utgjorde internettbetalingane 31 prosent av alle kortbetalingane i 2024.

### Figur 10 Betalingar over internett som prosentdel av alle betalingar med norske kort

2007–2024




Kjelde: Noregs Bank

## Korttransaksjonar mot utlandet

Figur 11 syner den samla bruken av norske betalingskort mot utlandet, både på fysiske brukarstader og over internett. Til saman vart det i 2024 gjort 494 millionar transaksjonar med kort i eller til utlandet. Dette inkluderer 6 millionar kontantuttak.

### Figur 11 Bruk av norske betalingskort mot utlandet

Tal på betalingar (venstre del) og verdi (høgre del), 2001–2024



Kjelde: Noregs Bank

Talet på betalingar ved fysiske brukarstader i utlandet gjekk opp frå 170 millionar i 2023 til 182 millionar i 2024. Talet på slike betalingar er no for første gong høgare enn det var rett før pandemien. Talet på betalingar til utanlandske nettstader heldt fram med å auke og gjekk opp frå 264 millionar i 2023 til 306 millionar i 2024. Samla sett gjekk talet på betalingar med kort mot utlandet opp med 12 prosent frå 2023 til 2024.

Verdien av kortbruken i utlandet i 2024 summerte seg til 275 milliardar kroner. Verdien av betalingane var 261 milliardar kroner, medan verdien av kontantuttaka utgjorde 14 milliardar kroner. Den samla verdien av betalingane gjekk opp med 14 prosent samanlikna med verdien i 2023. Den gjennomsnittlege storleiken på kvar bruk av kort mot utlandet motsvarer verdien av 557 norske kroner.

Ved kortbetalingar mot utlandet er det internasjonale kort som vert nytta. Statistikken syner at internasjonale debetkort vart nytta i dei aller fleste tilfella, litt under åtte av ti transaksjonar. Internasjonale kredittkort vart nytta i dei fleste av dei attverande tilfella.

Figur 12 syner at Noreg er mellom dei landa der folk oftast bruker kort for å betale for varer og tenester.<sup>10</sup> I Noreg betalte kvar innbyggjar i gjennomsnitt med kort 545 gonger i 2023. Det svarer til 1,5 gonger kvar dag. I andre enden av skalaen finn vi mellom anna Tyskland og fleire av middelhavslanda. Men kortbruken aukar raskt i desse landa. Bruken av kort i Tyskland gjekk opp frå 122 betalingar per innbyggjar i 2022 til

<sup>10</sup> Tala gjeld berre betalingar, ikkje kontantuttak.

## Overføringer mellom privatpersonar i Norden med Vipps

Dei fleste grensekryssande overføringane mellom privatpersonar skjer med ulike kontobaserte betalingsmåtar. I 2024 lanserte Vipps ei ny betalingsteneste for overføringer mellom Vipps-kundar i dei nordiske landa (minus Island). Tenesta er kortbasert og nyttar tenestene Visa Direct og Mastercard Send.

Både avsendaren og mottakaren av pengane må vere Vipps-kundar, og den som skal få pengane, må registrere eit mottakarkort i Vipps. Overføringane skjer i mottakaren sin valuta. Gebyra vert betalte av avsendaren og består av eit gebyr til Vipps på fire prosent av beløpet og eit valutapåslag som vert betalt til den som har utferda kortet til avsendaren. Valutapåslaget kan variere mellom ulike bankar, men er oftast på om lag to prosent av beløpet. Påslaget skal dekkje avgifter som kortutferdaren må betale til dei internasjonale kortnettverka og kompensere kortutferdaren for risiko knytt til varierende valutakursar.

Som oftast vil mottakaren kunne disponere pengane med ein gong, men dette er avhengig av banken som har utferda kortet til betalingsmottakaren.


Det er Vipps sin kortinnløyser som handterer overføringa på vegner av Vipps. Gebyra som vert kravde inn av Vipps for overføringa, skal kompensere innløyseren for arbeidet og dekkje dei avgiftene kortinnløyseren betaler til dei internasjonale kortnettverka.

Kortinnløyseren set i gang to separate korttransaksjonar. Først sender innløyseren ein reservasjonsførespurnad for det aktuelle beløpet (i mottakaren sin valuta) til den som har utferda kortet til avsendaren. Den andre transaksjonen er ein førespurnad til den som har utferda kortet til mottakaren, om å betale ut beløpet til mottakaren sitt kort. Meldingane mellom kortinnløyseren og dei to kortutferdarane vert sende gjennom meldingssystema til dei internasjonale kortnettverka og skjer tilnærma i augneblinken.

I etterkant gjer kortinnløyseren og kortutferdarane opp seg imellom. Den som har utferda kortet til avsendaren, sender pengar til kortinnløyseren, og kortinnløyseren sender pengar til den som har utferda kortet til mottakaren.

139 betalningar i 2023. I Italia gjekk bruken av kort til betaling opp frå 106 gonger per innbyggjar i 2022 til 123 gonger i 2023.

**Figur 12 Kortbetalingar per innbyggjar per år i utvalde land<sup>11</sup>**  
2022 og 2023



Kjelder: BIS, Danmarks Nationalbank, ESB, Sedlabanki Islands og Noregs Bank

<sup>11</sup> Tala inkluderer ikkje kortbetalingar med e-pengar som betalingsmiddel.

### 3. Bruken av kontanttenester

Ein brukar kan få tak i kontantar i bankfilialar, i minibankar og i mange butikkar, anten i samband med varekjøp (som cash-back) eller gjennom «Kontanttenester i butikk». Sjå ramma [«Kontantinfrastrukturen»](#) for meir informasjon om ulike kontanttenester.

I 2024 vart det gjort 12,9 millionar uttak frå minibankar i Noreg og 11,4 millionar uttak i butikkar (cash-back og «Kontanttenester i butikk»)<sup>12</sup>. Figur 13 syner talet på uttak av kontantar frå minibank og i butikkar, og verdien av desse uttaka. Talet på uttak frå minibankar fall med 18 prosent frå 2023 til 2024, medan talet på uttak i butikkar auka med 1 prosent.

Verdien av uttaka frå minibankar var 24,9 milliardar kroner i 2024, og verdien av uttaka i butikkar var 12,6 milliardar kroner. Verdien av uttaka frå minibankar fall med 17 prosent siste året, medan verdien av uttaka i butikkar auka med 10 prosent i den same perioden. Ein aukande del av kontantuttaka skjer i butikkar.

Nokre av uttaka i minibankar gjeld uttak av utanlandsk valuta. I 2024 var det 1,1 millionar valutauttak frå minibankar med ein samla verdi tilsvarande 3,6 milliardar kroner. Verdien av valutauttaka utgjorde dermed 14 prosent av den samla verdien av uttaka frå minibankar.

<sup>12</sup> Vi har ikkje statistikk for uttak av kontantar i bankfilialar.

## Kontantinfrastrukturen

Kontanttenester for privatpersonar er i hovudsak tilgjengelege gjennom tre kanalar: bankfilialar, automatar og butikkar.

Talet på bankfilialar der det er mogleg å gjere uttak og innskot av kontantar over skranke, har gjennom ei lang årrekkje vorte stadig færre. Ved utgangen av 2024 var det 39 slike filialar i alt, ned frå 74 filialar ved utgangen av 2023.


Det finst automatar både for uttak og for innskot av kontantar, høvesvis minibankar og innskotsautomatar. Resirkuleringsautomatar gjer både uttak og innskot mogleg. Ved utgangen av 2024 var det 793 reine minibankar, 60 reine innskotsautomatar og 336 resirkuleringsautomatar.

Bankane eig sjølve om lag ein av tre reine minibankar, medan kontanthandsamingsselskapa Nokas og Loomis og andre selskap eig resten. Nokas og Loomis står for den daglege drifta både av sine egne minibankar og av dei fleste av dei minibankane bankane og andre selskap eig.

Det er òg mogleg å få utført kontanttenester i butikkar. Cash-back er ei frivillig ordning frå butikkane si side, der kundane kan ta ut kontantar som del av eit varekjøp. Gjennom ordninga «Kontanttenester i butikk» kan kundar ta ut og setje inn kontantar i daglegvarebutikkar. Vipps AS driftar løysinga. Tenesta er tilgjengeleg i butikkar knytte til Norgesgruppen og nokre Bunnpris-butikkar og krev bruk av BankAxept-kort og PIN-kode. Butikkar som er med i ordninga, pliktar å ha kontantar tilgjengeleg. Ved utgangen av 2024 var 1466 butikkar knytte til ordninga.

**Figur 13 Uttak av kontantar frå minibankar og i butikkar**

2001–2024




Kjelde: Noregs Bank

Storleiken på det gjennomsnittlege uttaket var 2287 kroner gjennom «Kontanttenester i butikk» og 796 kroner gjennom cash-back. Det gjennomsnittlege uttaket frå norske minibankar var 1939 kroner.

Talet på minibankar i Noreg fall frå 1168 ved utgangen av 2023 til 1129 ved utgangen av 2024, sjå figur 14. Kvar minibank vart i 2024 i gjennomsnitt nytta til 11 383 kontantuttak. Det svarer til 31 uttak per dag. Frå kvar minibank vart det i gjennomsnitt teke ut 22,1 millionar kroner i 2024. Det svarer til litt over 60 000 kroner per dag.

**Figur 14 Talet på minibankar og uttak frå kvar minibank per år**

2001–2024



Kjelde: Noregs Bank


## 4. Kontantar i omløp

Talet på kontantar i omløp seier ikkje nødvendigvis noko om omfanget av kontantbetalingar. Kontantar kan nyttast både til betalingar og til verdioppbevaring. Ein setel eller mynt kan gjerne nyttast berre til verdioppbevaring og ikkje til betaling i det heile. Motsett kan ein setel eller mynt godt nyttast til fleire enn éi betaling i eit år. Sjå ramma [«Bruken av kontantar og andre betalingsmåtar i Noreg»](#) for meir informasjon om bruken av kontantar.

Gjennom året svingar mengda av kontantar i omløp, med auka etterspurnad frå publikum i samband med sommarferiar og jule- og påskehøgtider. I samband med pandemiutbrotet våren 2020 auka mengda av kontantar i omløp mellombels. Verdien av kontantar i omløp blant publikum var noko lågare i 2024 enn i dei føregåande åra, sjå figur 15. Ved utgangen av 2024 utgjorde kontantane i omløp blant publikum 36,4 milliardar kroner.<sup>13</sup>

**Figur 15 Kontantar i omløp blant publikum**

I milliardar kroner. Januar 2019 – desember 2024



Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Som del av den smale pengemengda (M1<sup>14</sup>) fall kontantdelen frå 1,4 prosent ved utgangen av 2023 til 1,3 prosent ved utgangen av 2024, sjå figur 16. Som del av BNP for Fastlands-Noreg utgjorde kontantane 0,9 prosent i 2024.

<sup>13</sup> I tillegg til dei kontantane publikum har, held også bankane seg med kontantar. Ved utgangen av 2024 utgjorde bankane si beholdning av kontantar 1,8 milliardar kroner. Dette er kontantar som mellom anna ligg lagra i minibankar, filialar og bankane sine depot. Bankane si beholdning av kontantar var ved utgangen av 2024 0,2 milliardar kroner lågare enn ho var ved utgangen av 2023.

<sup>14</sup> M1 er det smale pengemengdomgrepet. Dette er pengar som er tilgjengelege for å verte nytta med det same, og omfattar innskott på transaksjonskontoar og kontantar i omløp. Definisjonen av M1 vart endra i 2015, noko som førte til eit brot i statistikken.

## Figur 16 Kontantar i omløp som prosentdel av betalingsmiddel (M1) og av BNP for Fastlands-Noreg

2001–2024




Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Tala for Noreg er låge i ein internasjonal samanheng, sjå figur 17. I Sverige utgjer kontantane ein tilsvarende liten del av betalingsmidla.

## Figur 17 Kontantar som prosentdel av betalingsmiddel i utvalde land

2022, 2023 og 2024 (Norden)



Kjelder: BIS, Danmarks Nationalbank, Sedlabanki Islands, Statistisk sentralbyrå, Statistiska Centralbyrån og Noregs Bank

## Bruken av kontantar og andre betalingsmåtar i Noreg


Noregs Bank gjennomfører årlege spørjeundersøkingar blant hushalda om mellom anna bruken av kontantar.<sup>1</sup> I spørjeundersøkingane kartlegg vi dei betalings situasjonane der det faktisk er mogleg å betale med kontantar. Det gjeld i hovudsak betalingar til andre privatpersonar og betalingar når ein kjøper varer og tenester på ein utsalsstad. Utsalsstader inkluderer butikkar, restaurantar, vareautomatar, frisørar, transportmiddel osv. Deltakarane vert bedne om å gi informasjon om den siste betalinga dei har gjort. Dei vert så bedne om å opplyse om betalinga var til ein utsalsstad eller til ein privatperson, og om kva betalingsmåte som vart nytta.

### Hovudresultat frå undersøkingane

Ifølgje undersøkinga i mars 2025 stod kontantane for 2 prosent av dei samla betalingane. Kontantane stod for 2 prosent av betalingane på utsalsstader og for 3 prosent av betalingane mellom privatpersonar, sjå figur 18. Kontantdelen gjekk ned i samband med koronapandemien og har sidan halde seg låg. I 2019 var kontantdelen 8–9 prosent.

**Figur 18 Talet på kontantbetalingar i prosent av det totale talet på betalingar**

2017–2025




Kjelde: Noregs Bank

Verdien av kontantbetalingane som del av den totale verdien av betalingane varierer meir enn talet på kontantbetalingar som del av det totale talet på betalingar. I 2025 stod verdien av kontantbetalingane for 1 prosent av den samla verdien av betalingar, sjå figur 19. Verdien av kontantbetalingane utgjorde 1 prosent av verdien av betalingane på utsalsstader og 2 prosent av verdien av betalingane mellom privatpersonar. Også verdien av kontantbetalingane fall etter pandemiutbrotet.

<sup>1</sup> Innsamlinga av data vert utført av eit eksternt marknadsanalysebyrå. 2000 personar vert spurde i kvar runde, og det vert nytta både telefonintervju og internettbaserte undersøkingar. Nedre aldersgrense i telefonundersøkinga var 15 år, medan nedre aldersgrense i internettundersøkinga var 18 år. Utvala i undersøkingane er representative for befolkninga. At eit utval er representativt, tyder at samansetjinga i utvalet er tilnærma identisk med samansetjinga i befolkninga som heilskap når det gjeld sentrale variablar som til dømes kjønn, alder og bustad. Det gjer at resultatane frå ei spørjeundersøking kan generaliserast til å gjelde heile befolkninga. Samstundes vil den avgrensa storleiken på utvalet gjere resultatet noko uvisst, og særleg gjeld det for undergrupper.

**Figur 19 Verdi av kontantbetalinger i prosent av total verdi av betalingane**

2017–2025



Kjelde: Noregs Bank

### Andre betalingsmåtar


På utsalsstader kan ein velje å betale

- med kontantar
- med betalingskort
- med mobiltelefon (til dømes med Vipps, Apple Pay, Trumf Pay eller Coopay)
- på annan måte (til dømes med faktura)

Sjølv om bruken minkar, er fysiske betalingskort framleis den klart mest brukte betalingsmåten på utsalsstader, sjå figur 20. I 2025 utgjorde betalingar med betalingskort 66 prosent av betalingane på utsalsstader. Talet på betalingar med mobiltelefon aukar, og desse utgjorde 30 prosent av betalingane i 2025.<sup>2</sup>

**Figur 20 Betalingsmåtar på utsalsstader**

2017–2025



Kjelde: Noregs Bank

Mellom privatpersonar kan ein velje å betale


- med kontantar
- med mobiltelefon (i hovudsak med Vipps)
- med nettbank/mobilbank
- på annan måte

<sup>2</sup> I spørjeundersøkinga er både terminalbaserte mobilbetalingar og nettbaserte mobilbetalingar på fysiske utsalsstader inkludert. I betalingsstatistikken er nettbaserte mobilbetalingar på fysiske utsalsstader del av tala for internettbetalingar.

Betalingar med mobiltelefon utgjorde 83 prosent av betalingane mellom privatpersonar i 2025, sjå figur 21. Overføring i nettbank og mobilbank var den nest mest nytta betalingsmåten og vart nytta i 12 prosent av betalingane mellom privatpersonar i 2025.

**Figur 21 Betalingsmåtar mellom privatpersonar**

2017–2025



Kjelde: Noregs Bank

## 5. Prisar i betalingsformidlinga

Oversikt 2 gir informasjon om prisar på ulike bank- og korttenester. Oversikta syner gjennomsnittlege prisar og kan skjule store skilnader mellom bankane. For mange av tenestene er det nokre få av bankane som krev gebyr, medan fleirtalet tilbyr gebyrfri bruk. Gebyra gjeld til dømes årsavgift for nettbank, gebyr for betalingar på utsalsstader og gebyr ved uttak av kontantar i minibankar. Prisane er som regel lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program.

Prisane på betaling av reknningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Prisen på papirbaserte og manuelle betalingstenester held fram med å stige, medan prisen på elektroniske rekningsbetalingar held fram med å falle. Prisen på betaling av giro i skranke med kontantar ligg no på 131 kroner. Betalingar med avtalegiro er til samanlikning gratis for programkundar, medan dei kostar 60 øre for andre kundar.

Ved inngangen til 2025 var gjennomsnittleg årsavgift for eit debetkort med BankAxept og eit internasjonalt kortsystem (Visa eller Mastercard) 232 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 294 kroner for kundar som står utanfor slike program. Gjennomsnittsprisen for betaling av eit varekjøp med BankAxept var 50 øre for kundar utanfor program og gratis for kundar som er med i slike program.

I februar 2024 vart reglane for minibankgebyr endra. Dette skreiv vi om i [rapporten for fjoråret](#). Tala for prisane for uttak med debetkort for 2025 er ikkje gode nok til å vise. Uttak med internasjonale kredittkort i minibank kostar 37,90 kroner. I tillegg kjem eit gebyr på noko over éin prosent av uttaksbeløpet.

**Oversikt 2 Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak for personkundar.**  
**Vekta gjennomsnittsprisar per 1. januar**

	Ikkje programkundar			Programkundar		
	2023	2024	2025	2023	2024	2025
<b>Betalingstransaksjonar</b>						
Nettbank med KID, pris per betaling	0,70	0,60	0,50	0,20	0,00	0,00
Nettbank, årsavgift	13,10	12,70	8,20	1,10	1,10	1,20
Avtalegiro, pris per betaling	0,80	0,60	0,60	0,30	0,10	0,00
Mobilbank med KID, pris per betaling	0,70	0,60	0,50	0,20	0,00	0,00
Mobilbank – SMS-info	2,00	2,10	2,20	1,80	1,60	2,10
Brevgiro, pris per betaling	13,10	13,20	13,40	13,10	13,10	13,30
Giro over skranke frå konto, pris per betaling	102,50	103,20	131,00	102,50	103,20	131,00
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling	115,20	116,80	118,00	115,20	116,80	118,00
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling	0,80	0,50	0,50	0,00	0,00	0,00
Årspris for internasjonale kredittkort	28,20	18,20	22,20	31,90	4,00	3,10
Årspris for BankAxept-kort (kombinert med internasjonalt debetkort)	295,70	296,90	294,40	227,90	236,30	231,60
<b>Uttak frå butikkar (KiB)</b>	7,20	8,80	9,00	6,90	7,10	6,20
<b>Uttak frå minibank med debetkort</b>						
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	7,90	8,70	-	6,00	4,30	-
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	8,70	9,50	-	7,30	5,50	-
<b>Uttak frå minibank med internasjonale kredittkort</b>						
Pris per uttak	34,40	38,10	37,90	36,40	38,50	37,90
Påslag i prosent av uttaket	1,2	1,3	1,3	1,2	1,2	1,2

Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

Oversikt 3 syner samanstilte prisar for pengeoverføringar til andre land. Finansportalen har prisar for pengeoverføringstenester til 32 land/regionar.<sup>15</sup> Både bankar, finansielle føretak og betalingsføretak tilbyr overføring av pengar til desse landa. Prisen for overføringa er avhengig av fleire faktorar. Overføring ved personleg frammøte er mykje dyrare enn overføring over internett. Målt i prosent av overføringsbeløpet fell prisen med storleiken på beløpet. Det gjeld særleg i bankar, men òg når betalinga skjer gjennom eit finansielt føretak eller eit betalingsføretak. Gebyra består av valutamargin og andre gebyr, der andre gebyr kan innehalde både ein fast del og ein del som er avhengig av kor stort beløpet er. Det siste året har prisane på overføringar endra seg lite.

<sup>15</sup> Afghanistan, Bosnia-Herzegovina, Brasil, Bulgaria, Chile, Colombia, Eritrea, Etiopia, EU/EØS, Filippinane, Gambia, Ghana, India, Irak, Kina, Kosovo, Latvia, Litauen, Marokko, Nigeria, Nord-Makedonia, Pakistan, Palestina, Polen, Romania, Serbia, Somalia, Sri Lanka, Thailand, Tyrkia, Ungarn og Vietnam

**Oversikt 3 Prisar for pengeoverføringer til eit utval land/regionar. Bankar og andre aktørar. I prosent av overføringsbeløp. Per 1. januar 2024 og 2025**

	Personleg fram møte				Betalingsoppdrag over internett			
	1000 kroner		5000 kroner		1000 kroner		5000 kroner	
	2024	2025	2024	2025	2024	2025	2024	2025
<b>Bankar</b>	<b>29,2</b>	<b>29,7</b>	<b>6,2</b>	<b>6,7</b>	<b>5,6</b>	<b>5,9</b>	<b>1,5</b>	<b>1,9</b>
Valutamargin	0,4	1,0	0,4	1,0	0,5	0,9	0,5	0,9
Andre gebyr	28,8	28,8	5,8	5,8	5,1	5,0	1,0	1,0
<b>Finansielle føretak og betalingsføretak</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>4,6</b>	<b>4,6</b>	<b>3,4</b>	<b>3,0</b>
Valutamargin	-	-	-	-	2,6	2,0	2,6	2,0
Andre gebyr	-	-	-	-	2,0	2,6	0,8	1,0
<b>Alle aktørar</b>	<b>29,2</b>	<b>29,7</b>	<b>6,2</b>	<b>6,7</b>	<b>5,1</b>	<b>5,4</b>	<b>2,5</b>	<b>2,3</b>
Valutamargin	0,4	1,0	0,4	1,0	1,6	1,3	1,6	1,3
Andre gebyr	28,8	28,8	5,8	5,8	3,5	4,1	0,9	1,0


Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

## 6. Bankane sine inntekter frå betalingsformidling

Bankane sine inntekter frå betalingsformidling utgjorde 10,7 milliardar kroner i 2024, sjå figur 22. Inntektene auka med 5,9 prosent frå 2023 til 2024. Inntektene frå alle hovudgruppene auka det siste året. Inntektene frå kortverksemda står for noko meir enn halvparten av dei samla inntektene frå betalingsformidling.

**Figur 22 Inntekter til bankane frå betalingsformidling**

Milliardar kroner. 2005–2024



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

# Tabellar

26	Generelle data
26	Betalingsmiddel i Noreg
27	Betalingsinfrastruktur
28	Kunderetta betalingstenester
36	Prisar
41	Kjelder og kommentarar til tabellane



# Generelle data

Tabell 1 Overordna data for Noreg

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal (per 1. jan., millionar)	5,11	5,17	5,21	5,26	5,30	5,33	5,37	5,39	5,43	5,49	5,55
BNP Fastlands-Noreg, marknadsvardi (milliardar kroner)	2 534	2 614	2 692	2 798	2 931	3 067	3 067	3 315	3 679	3 879	4 050
Kurs mot euro (årsgjennomsnitt)	8,35	8,95	9,29	9,33	9,60	9,85	10,72	10,16	10,10	11,42	11,63

## Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2 Betalingsmiddel disponerte av publikum. Ved årsslutt (millionar kroner)

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Betalingsmiddel i alt (M1)</b>	<b>910 322</b>	<b>1 766 857</b>	<b>1 842 654</b>	<b>1 944 684</b>	<b>2 096 769</b>	<b>2 161 960</b>	<b>2 464 909</b>	<b>2 723 568</b>	<b>2 811 071</b>	<b>2 673 639</b>	<b>2 752 218</b>
Setlar og myntar	47 880	48 508	46 665	44 906	41 739	38 648	38 292	37 427	37 573	37 741	36 350
Innskot på transaksjonskontoar	862 442	1 718 349	1 795 989	1 899 778	2 055 030	2 123 312	2 426 617	2 686 141	2 772 498	2 635 898	2 715 868

Tabell 3 Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>I alt</b>	<b>49 352</b>	<b>50 068</b>	<b>49 241</b>	<b>46 963</b>	<b>43 828</b>	<b>40 986</b>	<b>40 562</b>	<b>39 336</b>	<b>39 363</b>	<b>39 751</b>	<b>38 526</b>
<b>Setlar i alt</b>	<b>44 995</b>	<b>45 605</b>	<b>44 726</b>	<b>42 427</b>	<b>39 354</b>	<b>36 577</b>	<b>36 227</b>	<b>35 018</b>	<b>35 085</b>	<b>35 527</b>	<b>34 335</b>
1000-kronesetlar	18 712	17 947	17 029	15 627	14 013	12 238	9 552	7 194	7 269	7 607	7 457
500-kronesetlar	17 101	18 355	18 445	17 689	16 567	15 129	17 383	18 871	18 960	19 304	18 569
200-kronesetlar	6 033	6 056	5 963	5 830	5 612	6 010	6 154	5 870	5 707	5 547	5 287
100-kronesetlar	2 096	2 154	2 172	2 161	2 067	2 145	2 113	2 062	2 108	2 018	1 973
50-kronesetlar	1 054	1 093	1 116	1 119	1 095	1 056	1 024	1 022	1 041	1 051	1 048
<b>Myntar i alt</b>	<b>4 357</b>	<b>4 463</b>	<b>4 515</b>	<b>4 536</b>	<b>4 474</b>	<b>4 409</b>	<b>4 336</b>	<b>4 318</b>	<b>4 278</b>	<b>4 224</b>	<b>4 191</b>
20-kronemyntar	1 715	1 760	1 775	1 775	1 746	1 717	1 688	1 684	1 664	1 636	1 621
10-kronemyntar	1 174	1 194	1 201	1 205	1 180	1 157	1 130	1 122	1 109	1 095	1 083
5-kronemyntar	515	529	539	542	534	525	515	513	510	503	499
1-kronemyntar	799	826	847	861	862	858	850	848	845	839	836
50-øremyntar	155	154	154	153	153	152	152	152	152	152	152

# Betalingsinfrastruktur

**Tabell 4 Institusjonell infrastruktur**

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Talet på bankar</b>	<b>137</b>	<b>134</b>	<b>137</b>	<b>136</b>	<b>141</b>	<b>136</b>	<b>134</b>	<b>134</b>	<b>128</b>	<b>123</b>	<b>115</b>
Sparebankar	106	104	104	99	98	95	93	91	87	85	79
Forretningsbankar	19	20	23	25	29	27	25	25	23	21	20
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	12	10	10	12	14	14	16	18	18	17	16
<b>E-pengeføretak</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>9</b>

**Tabell 5 Talet på avtaler**

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Avtalar om nett-bank og mobilbank</b>	<b>7 259 134</b>	<b>7 889 444</b>	<b>8 427 064</b>	<b>8 780 020</b>	<b>8 677 815</b>	<b>8 619 107</b>	<b>8 720 172</b>	<b>10 109 706</b>	<b>10 493 330</b>	<b>10 644 827</b>	<b>10 571 008</b>
Personkunder	6 768 015	7 271 093	7 786 587	8 111 439	7 901 252	7 617 363	7 383 359	8 462 163	8 616 457	8 552 923	8 472 221
Føretakskunder	491 119	618 351	640 477	668 581	776 563	1 001 744	1 336 813	1 647 543	1 876 873	2 091 904	2 098 787
Avtalar for føretak om å tilby eFaktura til personkunder (B2C)	1 378	1 490	1 611	1 577	8 108	13 462	24 161	28 505	33 903	43 882	49 641
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	15 304 127	14 547 500	17 447 887	19 581 987	23 489 647	34 467 240	37 440 453	38 875 210	39 088 984	39 139 286	39 139 790
Avtalar om mottak av elektronisk faktura i EHF-format	31 064	48 927	65 218	96 158	129 525	154 589	181 734	218 136	255 080	287 988	317 336
Avtalar om bedrifts-terminalgiro	16 534	18 362	22 193	27 822	33 530	33 962	25 631	14 669	12 886	12 023	9 991
Avtalar om brevgiro	596 126	508 134	461 177	343 855	302 542	276 856	256 381	228 821	202 595	186 780	167 706
Avtalar om faste betalingsoppdrag (avtalegiro og autogiro)	17 218 355	18 496 228	19 964 802	19 514 813	19 988 423	20 511 972	20 770 830	21 258 883	24 770 703	28 918 082	32 713 659
Avtalegiro – betalings-mottakarar	15 520	15 940	16 215	17 627	18 408	19 723	20 474	21 313	22 049	23 066	25 083
Autogiro – betalings-mottakarar	618	587	627	705	705	691	670	666	627	594	564

**Tabell 6 Talet på betalingskort (i tusen) og talet på funksjonar i betalingskorta (i tusen)**

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Talet på betalingskort per 31. desember</b>	<b>13 698</b>	<b>14 704</b>	<b>14 841</b>	<b>15 755</b>	<b>13 274</b>	<b>13 677</b>	<b>12 905</b>	<b>12 864</b>	<b>12 780</b>	<b>12 616</b>	<b>12 647</b>
Kontaktlause kort	-	-	-	774	8 617	10 094	11 140	12 465	12 485	12 396	12 454
Kort med chip	12 764	13 859	14 390	14 803	4 570	3 561	1 697	375	245	152	112
Kort med magnetstripe	928	839	445	166	73	2	2	1	2	0	1
Virtuelle kort	6	6	6	13	14	20	23	23	48	68	80
<b>Talet på funksjonar i betalingskorta</b>	<b>21 988</b>	<b>23 464</b>	<b>23 791</b>	<b>25 381</b>	<b>20 988</b>	<b>21 487</b>	<b>20 189</b>	<b>20 167</b>	<b>20 156</b>	<b>20 257</b>	<b>20 386</b>
<b>Debetfunksjonar</b>	<b>15 650</b>	<b>16 552</b>	<b>16 777</b>	<b>18 065</b>	<b>14 161</b>	<b>14 730</b>	<b>14 495</b>	<b>14 665</b>	<b>14 830</b>	<b>15 343</b>	<b>15 535</b>
BankAxept	7 931	8 377	8 487	9 124	7 229	7 419	7 294	7 370	7 456	7 708	7 802
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	7 719	8 175	8 290	8 941	6 932	7 311	7 201	7 295	7 374	7 635	7 732
<b>Faktureringsfunksjonar (betalingskort utfreda av internasjonale kortselskap)</b>	<b>557</b>	<b>450</b>	<b>431</b>	<b>357</b>	<b>394</b>	<b>328</b>	<b>340</b>	<b>367</b>	<b>364</b>	<b>199</b>	<b>201</b>
<b>Kredittfunksjonar</b>	<b>5 504</b>	<b>6 185</b>	<b>6 456</b>	<b>6 864</b>	<b>6 326</b>	<b>6 344</b>	<b>5 296</b>	<b>5 061</b>	<b>4 865</b>	<b>4 680</b>	<b>4 618</b>
Nasjonale kredittkort	635	609	698	732	851	529	74	9	2	-	-
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	4 869	5 577	5 759	6 132	5 455	5 797	5 211	5 052	4 863	4 673	4 611
<b>Innbetalingar på førehand (e-pengar)</b>	<b>277</b>	<b>278</b>	<b>127</b>	<b>94</b>	<b>107</b>	<b>85</b>	<b>59</b>	<b>74</b>	<b>96</b>	<b>35</b>	<b>33</b>

**Tabell 7 Kontantinfrastuktur**

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Filialar med kontanttenester over skranke	-	-	-	-	-	-	137	87	74	74	39
Utsalsstader med «Kontanttenester i butikk»	-	-	-	-	-	-	1 422	1 462	1 456	1 459	1 466
Minibankar	2 033	1 950	1 679	1 596	1 550	1 456	1 447	1 217	1 231	1 168	1 129
Innskotsautomatar	-	-	-	-	-	-	573	473	451	430	396

## Kunderetta betalingstenester

**Tabell 8 Bruk av betalingsinstrument (millionar transaksjonar)**

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
